


# ÅRSRAPPORT 2006







# ÅRSRAPPORT 2006



## ENGLISH SUMMARY

The National Cultural Historical Properties (Statens kulturhistoriske eiendommer, SKE) project was started in 2003 and has set for itself the task of coordinating and supervising a review of state-owned properties with a view to identifying historically important properties/buildings and ensuring them formal protection. This measure is taken, among other reasons, because national heritage properties previously have been protected to a very limited degree. The work in the project has been prepared through a preliminary project that was submitted to the Minister of AAD (Department of Labour and Administration) in March 2002.

The project is a subsidiary of the Ministry of Government Administration and Reform (FAD) and is led by Director General Kasper Holand in FAD. The project's secretariat comprises Senior Advisors Eirik Bøe and Tarja Koskinen, as well as Advisor Line Bårdseng. A reference group with participants from the ministries or government departments that are most strongly responsible for policy at the national level concerning state-owned properties and cultural monuments will oversee the work of the project.

SKE's work is founded in a government mandate and is based on sector responsibility as it is established in applicable environmental policy. The review of the nationally-owned properties will be conducted by sector; each department is responsible for the work done within its sector. For practical reasons, the work is divided into phases: first a quick review of the entire inventory of properties, followed by closer documentation of the properties/buildings that can be perceived to be worthy of protection and finally, selection of the installations/buildings that are suggested for preservation.

The selection decided upon will then be presented along with a description of the extent of work, criteria for selection and the sector's/activity's history in a consolidated planning document: a national protection plan for the sector/activity. The Directorate for Cultural Heritage will formally register the properties for protection based on the recommendations of the national protection plan.

In order to alleviate the work of the sectors, the project has developed a web-based database designed to archive the documentation necessary for the determination of protection. This database is accessible for both representatives from the sectors and the professionals who are engaged in the work itself. It is possible to print out portions of the final planning documents directly from the database.

The project submitted the first rough overview of proposed buildings and properties for protection by the close of 2003, based on data the sectors submitted during the first cursory review. In December 2004, the previous government decided that all sectors should have begun work on the national protection plan in the course of the first half of 2005. Organization of the sectors' work has taken somewhat longer than expected; by the close of 2006, one plan - for The Norwegian Postal Service AS - is finished, eleven projects had been initiated and several others were in planning.

Initiated protection plan projects by at the turn of the year 2006/2007:

Directorate of Customs and Excise (Ministry of Finance)  
Ministry of Government Administration and Reform  
Ministry of Health and Care Services  
Ministry of Labour and Social Inclusion  
Ministry of Justice and the Police  
The Theatres (Ministry of Culture and Church Affairs)  
The Ministry of Education and Research  
Bioforsk (Ministry of Agriculture and Food)  
Statskog (Ministry of Agriculture and Food)  
Avinor (associated with the Ministry of Transport and Communications)  
Maritime infrastructure (Ministry of Fisheries and Coastal Affairs) to be developed parallel with SKE's project

Work in the sectors is comprehensive and will take several years; most of the projects are anticipated to be completed 2007–2009.

Fredag 1. september 2006 stod følgjande sak på dagsorden i statsråd på Det Kgl. Slott: 'Overordna føreseger om forvaltning av statlege kulturhistoriske eigedomar'. At regjeringa som kollegium valde å behandle saka i form av ein kongeleg resolusjon, var ei klar markering av at dette er noko alle departement og statlege aktørar må ta på alvor.

Den kongelege resolusjonen vart følgd opp av ein rettleiar frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet med hovudtittel: 'Forvaltning av statens kulturhistoriske eigedomar'. I forordet seier statsråd Heidi Grande Røys mellom anna:

*"Bygningar har ei sterk historieforteljande kraft. Det er denne krafta Regjeringa ønskjer å ta vare på, og helst styrkje, når vi har valt å fastsetje overordna føreseger for forvaltninga av staten sine kulturhistoriske eigedomar i form av ein kongeleg resolusjon.*


*Skiftande regjeringar og eit samla Storting har fleire gonger understreka kor viktig det er at staten tek godt vare på kulturminna sine. Staten sine kulturminne er fellesskapet sitt eige. Vi har plikt til å ta vare på desse og overlate dei til neste generasjon utan at verdiane går tapt. Om dette er det brei politisk semje."*

Mange har gjort ein strålande jobb på området, men året 2006 har òg vist oss at ikkje alle departement har gjort det dei burde i høve til tidlegare regjeringsvedtak om å utarbeide landsverneplanar. Med bakgrunn i den kongelege resolusjonen kan ingen lenger vere i tvil om kva krav som kviler på departement, statlege eigedomsforvaltarar og andre som har ansvar for kulturhistoriske eigedomar. Det skal lagast landsverneplanar og forvaltningsplanar, og forvaltning av staten sine kulturhistoriske eigedomar er eit tema som må inngå i styringsdialogen mellom departement og verksemder med slikt ansvar.


Vi må òg hugse at hovudpoenget med arbeidet er å sikre ei betre forvaltning av staten sine kulturhistoriske eigedomar. Dårlig forvaltning er dyrt. Feil vedlikehald på eldre bygningsmasse kan gi omfattande følgjeskadar og høge kostnader. Eg vågar difor den påstanden at meir kunnskap og betre rutinar på dette området òg er økonomisk lønsamt. Kunnskap får vi gjennom å kartleggje eigedommane betre og utarbeide landsverneplanar. Betre rutinar får vi ved å lage forvaltningsplanar for eigedommane, slik Regjeringa har bestemt.

I 2006 blei det òg avgjort at prosjektet skal vidareførast med eit eige sekretariat i 2007 og 2008. Sekretariatet er til for å yte service overfor dykk som jobbar med landsverneplanar. Etter 2008 er prosjektsekretariatet borte, men det er ikkje kravet om å utarbeide landsverneplanar. Alle er nok difor tente med å setje fullt trykk på arbeidet i desse to siste åra med eit sekretariat på plass.

Etter desse litt strenge orda er det viktig for meg å understreke at det vert gjort veldig mykje godt arbeid i mange sektorar. Eg meiner dette prosjektet no representerer det største lyftet i forvaltninga av staten sine kulturminne nokosinne. På vegner av prosjektet takkar eg for alt arbeid som er lagt ned i 2006, og håper på eit fruktbart og givande samarbeid òg i 2007 og 2008.



Kasper Holand, ekspedisjonssjef  
Prosjektleder Statens kulturhistoriske eigedomar



— Tversnit gennem Bergen. —

# INNHOILDSFORTEGNELSE

|           |   |         |
|-----------|---|---------|
| <b>00</b> | <b>SUMMARY</b>  | side 2  |
| <b>01</b> | <b>FORORD</b>   | side 3  |
| <b>02</b> | <b>BAKGRUNN OG MANDAT</b>   | side 6  |
| 02.1      | Bakgrunn  |         |
| 02.2      | Mandat for 2005 og 2006   |         |
| 02.3      | Utviding av prosjektperioden  |         |
| <b>03</b> | <b>PROSJEKTET</b>   | side 8  |
| 03.1      | Sekretariatet   |         |
| 03.2      | Referansegruppa   |         |
| 03.3      | Lokalitetar og heimeside  |         |
| <b>04</b> | <b>HOVUDOPPGÅVER 2006</b>   | side 9  |
| 04.1      | Innleiing   |         |
| 04.2      | Landsverneplanar  |         |
| 04.2.1    | Definisjonar av omgrepa statleg kulturhistorisk eigedom, landsverneplan og forvaltningsplan |         |
| 04.2.2    | Status for arbeidet med landsverneplanar  |         |
| 04.2.3    | Forventningar til utarbeidinga av landsverneplanar  |         |
| 04.3      | Registeret  |         |
| 04.3.1    | Registerutvikling   |         |
| 04.3.2    | Gjennomføring av registrering   |         |
| 04.3.3    | Overføring av data frå SKE etter avslutta landsverneplanarbeid                              |         |
| 04.4      | Forvaltningsstrategi for statens kulturhistoriske eigedomar                                 |         |
| 04.4.1    | Forvaltning av statens kulturhistoriske eigedomar   |         |
| 04.5      | Forslag til utval av statlege kulturhistoriske eigedomar                                    |         |
| 04.6      | Tilrettelegging ved avslutninga av prosjektet   |         |
| 04.7      | Formidling  |         |
| 04.7.1    | Bruk og utvikling   |         |
| 04.7.2    | Forum for landsverneplanar  |         |
| 04.7.3    | Nettsida  |         |
| 04.7.4    | Jamleg formidlingsarbeid  |         |
| 04.8      | Diverse   |         |
| 04.8.1    | Studietur til Russland  |         |
| 04.8.2    | Lause kulturminne   |         |
| <b>05</b> | <b>BUDSJETT OG ØKONOMI</b>  | side 28 |
| 05.1      | Budsjettrammer  |         |
| 05.2      | Forbruk   |         |

### 02.1 BAKGRUNN

I St.prp.nr.1 (2001-2002) for Arbeids- og administrasjonsdepartementet blei Stortinget varsla om at den dåverande regjeringa planla ein gjennomgang av statens eigedomar. Siktemålet var å leggje grunnlag for ein politikk for statleg eigarskap og forvaltning av kulturhistorisk viktige eigedomar i sivil sektor. Prosjektet skulle førebust gjennom eit forprosjekt.

Forprosjektet for Statens kulturhistoriske eiendommer – politikk for eierskap og forvaltning, blei ferdigstilt og rapporten overlevert statsråden i AAD 20. mars 2002.

I september 2002 bestemte regjeringa å setje i gang prosjektet Statens kulturhistoriske eigedomar (SKE) for åra 2003 og 2004. I desember 2003 bestemte regjeringa at prosjektet skulle halde fram ut året 2006 slik forprosjektet hadde lagt til grunn. Det var opphavleg meininga at utvikling av modellar for eigarskap og forvaltning av statens kulturhistoriske eigedomar skulle behandlast i hovudprosjektet. Dette spørsmålet blei det likevel bestemt å skilje ut i eit eige prosjekt. Spørsmålet om statleg eigarskap skulle vurderast på eit seinare tidspunkt. Samarbeid med verksemder som er skilde ut som statsføretak eller heileigde statlege aksjeselskap er òg viktig i denne samanheng.

### 02.2 MANDAT FOR 2005 OG 2006

Mandatet for åra 2005 og 2006 omfatta følgjande hovudoppgåver:

- Assistere og koordinere arbeidet med landsverneplanar i dei ulike sektorane.
- Bidra til å få kartlagt og vernevurdert bygningshistoria til eigedomar som har vore, men ikkje lenger er eigde av staten, som viktig supplement i utarbeidinga av landsverneplanar.
- Arbeide med bevisstgjerjing i dei ulike etatane om formidling av statens kulturhistoriske eigedomar; og leggje SKEs data til rette for formidling. Vidareutvikle prosjektets it-satsing (blant anna e-læringsmodular) med vektlegging også av allmenta som målgruppe.
- Finne permanente løysingar for forvaltning og oppdatering av SKEs register, som bidrar til samkjøring og kommunikasjon mellom ulike register.
- Formidle regjeringas forvaltningsstrategi. Koordinere og gi råd i samband med verksemdene sine forvaltningsplanar.
- Utarbeide forslag til eit utval av eigedomar som kan representere viktige trekk i statens kulturhistorie og som bør eigast/forvaltast av staten. Dette må gjerast i tett samarbeid med sektormyndigheitene og Riksantikvaren. Arbeidet må ta utgangspunkt i det sett av kriterium som blei lagt fram i rapporten frå forprosjektet og som regjeringa seinare har slutta seg til.
- Leggje til rette for avslutning av prosjektet ved utgangen av 2006, blant anna ved forslag om handtering av evt. gjenståande oppgåver.

SKEs arbeid er forankra i mandatet frå regjeringa og basert på sektoransvaret slik det er nedfelt i gjeldande miljøpolitikk i St.meld. nr. 58 (1996-97) Miljøpolitikk for en bærekraftig utvikling og St.meld. nr. 25 (2002-2003) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand. Prosjektet er også ei oppfølging av dei nasjonale miljømåla slik dei er nedfelte for alle sektorar i Miljøverndepartementets St.prp. nr. 1 (2002 – 2003). SKE viser elles til Miljøverndepartementets St.meld. nr. 16 (2004-2005) Leve med kulturminner.





UiB Bibliotek, utsnitt. Foto: Jostein Nyseth



UiB, Tingvika, våningshus. Foto: Jostein Nyseth



Norges veterinærhøgskole internat, barnehage. Foto: Tom Wassum



### 02.3 UTVIDING AV PROSJEKTPERIODEN

Hausten 2006 blei det bestemt at prosjektperioden skal utvidast ut 2008. Arbeidet har fått større omfang enn forventa, ikkje minst ved aktiv deltaking frå statlege selskap og føretak. Samtidig har ein sett at nøling ved oppstart i fleire departement vil føre til seinare ferdigstilling enn tidlegare føresett. Mandatet for 2007 og 2008 gjenspeglar òg behovet for å sikre resultatet av det arbeidet som no er sett i gang.

Prosjektet Statens kulturhistoriske eigedomar skal i 2007 og 2008:

- assistere og koordinere arbeidet med landsverneplanar i dei ulike sektorane,
- ha ansvaret for drift og vedlikehald av det nettbaserte eigedomsregisteret med data frå alle deltakarar i prosjektet,
- formidle og gi råd om Regjeringa sin strategi for forvaltning av staten sine kulturhistoriske eigedomar og arbeidet med forvaltningsplanar,
- stimulere til formidling av landsverneplanarbeidet i sektorane,
- sikre informasjon og erfaringsoverføring mellom deltakarane i prosjektet, drifte prosjektet si heimeside, arrangere relevante møte og seminar,
- kartlegge aktørane sin trong for og evne til å ta i mot registerdata etter avslutta landsverneplanarbeid, slik at dei kan nyttiggjere seg data frå prosjektet sitt register etter prosjektavslutninga,
- leggje til rette for å avslutte prosjektet ved utgangen av 2008, mellom anna med framlegg om handtering av eventuelle gjenståande oppgåver.

### 03.1 SEKRETARIATET

Prosjektet er underlagt Fornyings- og administrasjonsdepartementet. Hovudprosjektet kom i gang frå årsskiftet 2002/2003 og var inntil årsskiftet 2004/2005 under leiing av spesialrådgivar Brit Denstad i dåverande Moderniseringsdepartementet. Prosjektleiari har etter dette vore ekspedisjonssjef Kasper Holand i Statsforvaltningsavdelinga i Fornyings- og administrasjonsdepartementet.

I 2003 blei det etablert eit eige sekretariat for gjennomføring av prosjektarbeidet. Sekretariatet har tre medarbeidarar, seniorrådgivarar Eirik T. Bøe og Tarja Koskinen og rådgivar Line Bårdseng. I tillegg til den faste bemanninga har det vore leigd inn eksterne konsulentar for å hjelpe til med konkrete oppgåver. I 2006 har prosjektet hatt systemutviklar Gisle Totland (ViaNova AS) og systemutviklar Ola Flem (Flem Consult) engasjert.

### 03.2 REFERANSEGRUPPEN

Prosjektet blir følgt opp av ei referansegruppe med deltaking frå dei departement og etatar som er sterkest involverte som ansvarlege for eigeidoms- og kulturminnepolitikk i staten. Referansegruppa skal hjelpe prosjektet med kunnskap og råd, syte for forankring mot og nødvendige avklaringar i dei respektive departement/etatar. Referansegruppa blir leidd av prosjektleiari Kasper Holand.

DESSE HAR VORE MED I REFERANSEGRUPPA I 2006:

|  |  |
|--|--|
| FORNYINGS- OG ADMINISTRASJONSDEPARTEMENTET | v/seniorrådgivar Kaare Falkenberg  |
| MILJØVERNDEPARTEMENTET                     | v/avdelingsdirektør Einar Holtane<br><i>(seniorrådgivar Benedicte Boye møter som vara)</i> |
| FORSVARSDPARTEMENTET                       | v/stabssjef Janne Wilberg i Forsvarsbygg   |
| KULTUR- OG KYRKJEDPARTEMENTET              | v/konst. underdirektør Kristin Solbjør Folstad og seniorrådgivar Isabell Lexow             |
| KUNNSKAPSDPARTEMENTET                      | v/underdirektør Arne Hovden  |
| RIKSANTIKVAREN                             | v/avdelingsdirektør Unni Grønn<br><i>(rådgivar Ingrid Djupedal møter som vara)</i>         |
| STATSBYGG                                  | v/direktør May Balkøy  |
| ABM-UTVIKLING                              | v/seniorrådgivar Espen Hernes  |

Det er halde 10 møte i referansegruppa i løpet av 2006, i tillegg blei det gjennomført ein studietur til St. Petersburg og Moskva frå 25. til 29. april.

### 03.3 LOKALITETAR OG HEIMESIDE

Sekretariatet leiger lokale hos Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU) i Storgata 2, Oslo.

Prosjektet har eiga heimeside på [www.statenskulturhistoriskeeigedomar.no](http://www.statenskulturhistoriskeeigedomar.no).

#### 04.1. INNLEIING

I løpet av 2006 har fleire landsverneplanprosjekt komme i gang. SKE har retta mykje av sine ressursar inn mot koordinering av den aukande aktiviteten, og tilrettelegging for mest mogleg effektive prosesser i sektorane sitt arbeid. Det har derfor også i 2006 vore eit tett samarbeid med Riksantikvaren og deira representantar i dei ulike landsverneplanprosjekta, likeeins med Forsvarsbygg og Statsbygg som sentrale kompetansemiljø i staten.

Arbeidet med registeret har særleg retta seg mot ferdigstilling av rapportfunksjonane og førebuing for overføring av data frå SKE-registeret.

I tillegg har det i 2006 vore fokus på å gjere ferdig Forvaltningsstrategien og leggje til rette for politisk behandling av denne.

#### 04.2 LANDSVERNEPLANAR

Regjeringa bestemte i desember 2004 at alle statlege sivile sektorar skal utarbeide landsverneplanar. I 2005 brukte SKE mykje av sin kapasitet på å formidle regjeringas avgjerd.

I 2006 har prosjektet følgd opp arbeidet i sektorane. Veggen vidare frå ei politisk avgjerd om at alle sektorar skal lage landsverneplanar har ikkje berre vore enkel. Prosjektet har brukt mykje ressursar på å yte hjelp i arbeidet med å få landsverneplanarbeidet i gang. Det er mogleg å identifisere fleire faktorar som samla har resultert i forseinka framdrift:

- svært tidkrevjande avgjerdsprossarar i sektorane,
- uvisse/usemje ved definering av omfanget av verneplanarbeidet,
- praktiske problem med innhenting av grunnlagsdata,
- kompliserte og tidkrevjande prosessar ved engasjering av nødvendig fagkompetanse.

Det er tydeleg at variasjon i engasjement frå departement til departement påverkar framdrifta.

Ved utgangen av 2005 skreiv vi at det var bestemt at 12 landsverneplanar var igangsette. Kriteria som då blei brukte for å kunne definerast som "igangsett" har vist seg å vere vel optimistiske. Derfor har vi i denne gjennomgangen justert definisjonen av "i gang" frå 'avgjerd om å lage landsverneplan og gjennomført oppstartsmøte' til meir konkret aktivitet: 'verksemda skal ha bestilt oppdraget av ein fagkompetent konsulent eller etablert ei operativ intern prosjektgruppe'.

Med denne definisjonen er 10 landsverneplanar under arbeid, i tillegg er éin plan allereie gjort ferdig ved utgangen av 2006. Den første ferdigstilte landsverneplanen i SKE-samanheng er laga av Posten Noreg AS, planen blei lansert 19. desember.

Landsverneplanen til Bioforsk (tidlegare Planteforsk) var den som i den førre årsrapporten blei trekt fram som mogleg ferdigstilt i 2006. Arbeidet har teke noko lengre tid enn ein først trudde og vil truleg bli ferdig i første halvdel av 2007.



Bergen tinghus Gulating lagmannsrett. Foto: Opphavsrett Statsbygg

Riksantikvaren har oppretthalde organiseringa med éin utvald saksbehandlar som følgjer kvar enkelt landsverneplan. Alle desse saksbehandlarane inngår i ei intern gruppe hos Riksantikvaren under leiing av rådgivar Ingrid Djupedal. Føremålet med gruppa er at saksbehandlarane skal vere oppdaterte og samkjørte i forhold til arbeidet med dei ulike landsverneplanane.

#### 04.2.1 DEFINISJONAR AV OMGREPA STATLEG KULTURHISTORISK EIGEDOM, LANDSVERNEPLAN OG FORVALTNINGSPLAN

I kgl. res. om 'Overordna føresegner om forvaltning av statlege kulturhistoriske eigedomar' er det definert kva som er meint med statleg kulturhistorisk eigedom, med landsverneplan og med forvaltningsplan.

##### Statleg kulturhistorisk eigedom

Med statleg kulturhistorisk eigedom meiner ein i denne samanheng bygning eller gruppe av bygningar med naturleg tilhøyrande uteområde, eigd av rettssubjektet staten, som anten er:

- A) freda i medhald av kulturminnelova,
- B) administrativt freda  
(statlege kulturminne som er listeførte i Fortidsminneforeininga sine årbøker 1933/34),
- C) regulert til bevaring etter plan- og bygningslova,
- D) del av ein sektors landsverneplan som er godkjend av Riksantikvaren,
- E) vurdert av eigdomsforvaltaren og /eller Riksantikvaren til å vere ein kulturhistorisk eigedom.”

Som det går fram av definisjonen, er det eigedom med påståande bygningar i statens eige som skal vurderast i sektoranes landsverneplanarbeid. I tillegg har Regjeringa oppfordra statlege selskap og føretak som eig kulturhistoriske eigedomar til å delta i prosjektet. Av denne grunnen er bl.a. helseføretaka og fleire statlege selskap aktive medspelarar i prosjektet Statens kulturhistoriske eigedomar.

##### Landsverneplan

Med landsverneplan meiner ein eit overordna dokument som framstiller kulturhistoriske eigedomar i ein sektor, slik desse er kartlagde og utvalde av sektoren/eigdomsforvaltaren i samråd med Riksantikvaren.

##### Forvaltningsplan

Med forvaltningsplan meiner ein eit dokument som framstiller prosedyrar og rutinar for drift, vedlikehald og gjennomføring av tiltak i samband med rehabilitering og endring av bygningar på ein eigedom.


#### 04.2.2 STATUS FOR ARBEIDET MED LANDSVERNEPLANAR

I løpet av 2006 har fleire av landsverneplanane komme ei godt stykke vidare, eit par kan til og med ventast å bli ferdigstilte i løpet av våren 2007. Samtidig er nokre av planane SKE ved førre årsskifte såg på som å vere under oppstart, framleis der - under oppstart - med svært lite registrerbar progresjon i løpet av 2006. Nedanfor er det sett opp ein departementsvis gjennomgang av status for arbeidet med landsverneplanane.

#### ARBEIDS- OG INKLUDERINGSDEPARTEMENTET (AID)

Oppdraget med å kartleggje bygningsmassen nytta til trygdekontor er delegert frå departementet til Arbeids- og velferdsdirektoratet og blir utført av NAV Drift og Utvikling.





1



2



3



4



5



6



7



8

- 1: Gamlehaugen, hagestue. Foto: Ann-Kristin Strømme
- 2: Bygdø kongsgård, tidlegare kafébygning. Foto: Anne Sofie Galåen
- 3: Førde sentralsjukehus. Foto: Leif Anker
- 4: Kongsvoll fjellstue, nordre. Foto: Trude Norddal
- 5: Bioforsk vest, Njøs gammelt fjøs. Foto: Håkon Skarstad
- 6: Falstad. Foto: Trude Norddal.
- 7: Jotkjarve fjellstue. Foto: Ole Solnørdal
- 8: UMB Sem Øvre, Redskapshus. Foto: Bjørn Fredriksen



1



2



5




6

- 1: Svalbardvei 211. Foto: Torbjørn Johnsen
- 2: UiB Fastings Minde, Møhleprisbakken 1. Foto: Jostein Nyseth
- 3: Hovedbygning NTH, dekorasjon i taket på galleriene. Foto: Arne Rønning
- 4: UiB Realfagbygget. Foto: Jostein Nyseth
- 5: Vik fengsel. Foto: Odd Arild Skagen
- 6: Hasvik lufthavn. Foto: Line Bårdseng
- 7: Norsk hestesenter Starum Leir, ridehuset. Foto: Poul Neubert
- 8: UiB Geofysisk institutt. Foto: Jostein Nyseth



7



8







Villa Grande. Foto: Opphavsrett Statsbygg

Trygdekontora blei i si tid i stor grad overførte til Entra Eigedom AS og er omtalte i verneplandokumentet som selskapet har utarbeidd. Desse eigedommane vil utgjere hovuddelen i Arbeids- og velferdsdirektoratet sitt arbeid. Dette er noko av bakgrunnen for at det så langt ikkje er henta inn kulturminnekompetanse eller at arbeidet er sett ut til eksterne. AID ønskjer i tillegg å skaffe seg betre oversikt over den totale bygningsmassen som har vore i bruk av etaten. Det er derfor oppnemnt ein kontaktperson i kvart fylke som skal gi ein rapport med kort historikk og oversikt over kva bygningar som har vore i bruk av etaten, pluss utfyllande historikk for dei eigedommane som er eigde av Entra Eigedom AS. Rapportane frå fylka skal vere leverte innan utgangen av 1. kvartal 2007. Etter dette vil NAV Drift og Utvikling i samråd med Riksantikvaren og SKE vurdere vidare framdrift. Kontaktperson i NAV Drift og Utvikling er rådgivar Carl Jon Buraas.

### **BARNE- OG LIKESTILLINGSDEPARTEMENTET (BLD)**

BLD har starta arbeidet med å organisere ein landsverneplan knytt til barnevernsinstitusjonar. Statsbygg overtok forvaltninga av BLDs eigedomar etter at den første registreringa i SKEs register blei gjennomført i 2003, og eigedommane var derfor ikkje lagde inn i SKEs database. Statsbygg skal gjennomføre registreringa i løpet av mars 2007. Registreringa er nødvendig for at BLD skal kunne ta ei avgjerd om å starte arbeidet med ein landsverneplan. Parallelt med registreringa vil BLD, i samråd med Statsbygg, gå i gang med skrivinga av historikk-delen av landsverneplanen. Det meste av landsverneplanarbeidet skal gjennomførast i 2007. Kontaktperson i BLD er førstekonsulent Helga Aanderaa.

### **FINANSDEPARTEMENTET (FIN)**

Under FIN er det først og fremst bygningar knytte til Noregs Bank og Toll- og avgiftsdirektoratet som er aktuelle i landsverneplanssamanheng.

Noregs Banks filialbygningar blei vernevurderte av Riksantikvaren då dei gjekk ut av bruk for Noregs Bank, og Noregs Bank har på eige initiativ teke seg av dokumentasjon og historieskriving av sin noverande bygningsmasse. Funksjonane i ein landsverneplan var dermed oppfylte allereie før SKE-prosjektet kom i gang.

#### **Toll- og avgiftsdirektoratet**

Toll- og avgiftsdirektoratet (TAD) har komme langt i arbeidet med framstilling av ein landsverneplan. Historikaren Øyvind Grøndahl frå Røkkansenteret i Bergen har levert eit utkast til overordna etatshistorie og TAD har knytt til seg NIKU til kulturhistoriske vurderingar av eigedommane. Detaljert registrering og vurdering av aktuelle eigedomar er i gang, og planen kan ventast ferdig i løpet av våren 2007.

Kontaktperson i TAD er førstekonsulent Bjørg Grøndahl. Saksbehandlar for Toll- og avgiftsdirektoratet sin landsverneplan hos Riksantikvaren er seniorkonsulent Sjur Mehlum.

### **FISKERI- OG KYSTDEPARTEMENTET (FKD)**

FKD har tidlegare laga ein verneplan for fyrstasjonane. Det er likevel ytterlegare 40 000 objekt knytte til navigasjon og kystfart langs kysten. Kystverket er derfor i gang med eit verneplanarbeid som tek for seg hele den maritime infrastrukturen. Det er etablert ei styringsgruppe og rådgivar Torstein Olsen frå Kystverket, region sørøst, er prosjektleiar. Ettersom dette ikkje dreier seg om bygningar og arbeidet blei starta opp utanfor SKE, skjer dette uavhengig av SKE. SKE blir likevel halde orientert om arbeidet og erfaringar blir utveksla mellom prosjekta.

Saksbehandlar for Fiskeri- og kystdepartementet sin verneplan hos Riksantikvaren er seniorkonsulent Eivind Lande.

## **FORNYINGS- OG ADMINISTRASJONSDEPARTEMENTET (FAD)**

FAD har ansvar for ulike kategoriar av eigedomar, hovudsakeleg tilknytte sentralmakta, blant anna statens kongelege eigedomar, regjeringsbygningane og Statens hus med fylkesmannsembeta . FADs samla landsverneplan vil òg omhandle dei statlege eigedommane som ikkje har noka klar sektortilknytning. Endeleg identifisering av denne gruppa krev at arbeidet med dei andre landsverneplanane har komme eit stykke på veg, og gjer at det ligg noko fram i tid før ein kan slå fast omfanget av FADs landsverneplan. Arbeidet med dei bygningskategoriar som kan definerast allereie no er sett i gang.

Statsbygg har sett i gang forprosjektet for FADs landsverneplan og historikar Herdis Kolle ved Rokkansenteret skal stå for skrivning av den overordna historia for sektorområdet. Også dette arbeidet er i gang.

Kontaktperson i FAD er seniorrådgivar Kaare Falkenberg. Saksbehandlar for FAD sin landsverneplan hos Riksantikvaren er seniorkonsulent Hanna Geiran.

## **HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENTET (HOD)**

HOD har vedteke å lage ein samla landsverneplan og arbeidet er i gang. Helseføretaka er store eigedomseigarar. Historia knytt til helsesektoren er svært viktig for å forstå vesentlege sider av den norske samfunnsutviklinga. HODs landsverneplan omfattar den største eigedomsporføljen av alle planar som er under arbeid.

Kontaktperson i HOD er seniorrådgivar Kai Furberg/Jørn Petter Kvamme. HOD har samla representantar for alle dei regionale helseføretaka i ei koordineringsgruppe saman med Riksantikvaren og SKE. Seniorrådgivar Nils Arne Bjordal frå Helse Midt-Noreg leier koordineringsgruppa. Forsvarsbygg assisterer HOD med å utarbeide landsverneplanen. Prosjektleiari i Forsvarsbygg er seniorarkitekt Marte Oftedal.

Forprosjekt- og hovudprosjekt blei sett i gang i 2006. I mai 2006 blei forprosjektet med ein historisk oversiktsartikkel ferdigstilt. Artikkelen er skriven av historikaren Runar Jordåen med tilknytning til Rokkansenteret i Bergen. Det er etablert ei referansegruppe for det vidare arbeidet med historiedelen og utveljinga av fredingsobjekt. HODs landsverneplan er planlagt ferdigstilt sommaren 2008.

Saksbehandlar hos Riksantikvaren for Helse- og omsorgsdepartementets landsverneplan er rådgivar Ingrid Djupedal.

## **JUSTIS- OG POLITIDEPARTEMENTET (JD)**

JD har starta planlegginga av arbeidet med å lage ein landsverneplan. Ei stor oppgåve for departementet er å skaffe ei samla oversikt over eigedomar knytte til sektoren. Arbeidet er koordinert i departementet gjennom ei intern gruppe med representantar frå dei ulike fagområda som kriminalomsorga, politiet, Direktoratet for samfunnsstryggleik og beredskap, domstolane og sysselmannen på Svalbard. Kvart einskilt område har med utgangspunkt i eigne ressursar skrive ein kort historikk for kvart område og skaffa oversikt over sin eigen bygningsmasse. Utover dette har ikkje departementet komme noko lenger med sin landsverneplan innan utgangen av 2006.

Kontaktperson i departementet var rådgivar Christine Bergesen, som i april blei avløyst av avdelingsdirektør Lise Grønning. Saksbehandlar for Justis- og politidepartementet sin landsverneplan hos Riksantikvaren er seniorkonsulent Sjur Mehlum.

## **KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENTET (KRD)**

KRD har ikkje ein eigedomsporfølje som gjer det naturleg å utarbeide ein landsverneplan.






1



2



3



4



5

- 1: UMB Studentersamfunnet, detalj. Foto: Bjørn Fredriksen
- 2: Hovedbygning Lerkendal Gård. Foto: Arne Rønning
- 3: Bioforsk vest, Njøs, gammelt fjøs. Foto: Håkon Skarstad
- 4: Finnmark fylkesmannsbolig. Foto: Inger Unstad
- 5: Driftsbygning Bioforsk vest, Ullensvang. Foto: Håkon Skarstad
- 6: UMB Studentersamfunnet. Foto: Bjørn Fredriksen
- 7: Statens hus i Vadsø. Foto: Inger Unstad



6



7

## **KULTUR- OG KYRKJEDEPARTEMENTET (KKD)**

KKD har fleire ansvarsområde som det skal utarbeidast landsverneplanar for.

### Landsverneplan for teatra

KKD har engasjert historikar Sidsel Graffer til å skrive historikken for teatra. Denne er under utarbeiding og skal vere ferdig 1. mars. Utover dette har ikkje departementet komme noko lenger med sin landsverneplan for teatra.

### Opplysningsvesenets fond

Opplysningsvesenets fond (OVF) har tidlegare gjort ei vurdering av prestegardane. No er dei i gang med å supplere denne ved å gå gjennom utmarkseigedommane sine. Sommaren 2006 har OVF vore ute og registrert utmarksområda og desse skal no lastast inn i eigedomsregisteret til SKE. Det er enno ikkje bestemt kva form ei samanstilling av resultatata bør få. Dette blir vurdert opp mot OVF sine strategiske planar framover.

Landsverneplanen for arkiva skal setjast i gang i 2007 og er omtalt i tildelingsbrevet til Arkiverket.

SKE meiner det er openbert at dei statlege museumsbygningane må inkluderast i KKDs landsverneplanarbeid. Dette følgjer av kgl. res. og også av tidlegare avgjerder. KKD har likevel ikkje etterkomme dette ved årsskiftet 2006/2007.

Kontaktpersonar i KKD er konst. underdirektør Kristin Solbjør Folstad og seniorrådgivar Isabell Lexow.

## **KUNNSKAPSDEPARTEMENTET (KD)**

Landsverneplanen under KD vil omfatte ei rekkje eigedomar, der universiteta og høgskolane utgjer største delen av eigedomsporføljen. KDs landsverneplan er blant dei mest omfangsrrike, og omfattar ein sektor med stor betydning for samfunnet.

Kunnskapsdepartementet har engasjert Statsbygg til utarbeiding av KDs landsverneplan og Statsbygg har i løpet av 2006 utarbeidd eit forprosjekt for arbeidet. Det har teke noko lengre tid enn forventa å finne ein historikar som skal vere knytt til prosjektet og bidra med ein overordna sektorhistorikk.

Kontaktperson i KD er underdirektør Arne Hovden. Saksbehandlar for Kunnskapsdepartementet sin landsverneplan hos Riksantikvaren er seniorkonsulent Hanna Geiran.

## **LANDSBRUKS- OG MATDEPARTEMENTET (LMD)**

Landbruks- og matdepartementet har fleire ansvarsområde der det skal utarbeidast landsverneplanar.

### Landsverneplan for Bioforsk

Bioforsk, tidlegare Planteforsk, er godt i gang med utarbeidinga av sin landsverneplan. Leiar for Bioforsk Øst Løken, Håkon Skarstad, er prosjektleiar og det er også han som skriv den overordna historikken. Skrivearbeidet er tilnærma ferdig. Bioforsk har fått assistanse frå fleire fylkeskommunar til å vurdere eigedomsporføljen. Det som elles står att er endeleg utveljing av dei eigedomar som skal inngå i landsverneplanen. Dette vil Bioforsk gjere i samarbeid med Riksantikvaren. Bioforsk vil ferdigstille planen i løpet av våren 2007.

Saksbehandlar for Bioforsk sin landsverneplan hos Riksantikvaren er rådgivar Ragnhild Hoel.

### Landsverneplan for Statskog

Statskog har sett ned ei styringsgruppe for landsverneplanarbeidet. Kontaktperson i Statskog og leiar av styringsgruppa er seksjonssjef Jørgen Hoffmann. Statskog er i gang med fase 2 av registreringa i eigedomsregisteret til SKE. NIKU hjelper Statskog med kvalitetskontroll av registreringane og utarbeiding av historikken som blir skriven av etnolog Knut Fageraas.

Statskog er ein av sektorane som har grensesnitt mot ein av de fem nasjonale minoritetane ved Finnebu-setjinga. Dette var bakgrunnen for ei synfaring til Statskog sin eigedom på Varaldskogen i Kongsvinger, Finnskog 24. oktober. På denne eigedommen har Statskog fleire finnetorp i sitt eige. Med på synfaringa var NIKU, Hedmark fylkeskommune, Norsk Skogfinsk museum ved Gruetunet museum og SKE.

Saksbehandlar for Statskog sin landsverneplan hos Riksantikvaren er seniorrådgivar Even Gaukstad. Kontaktperson i LMD er rådgivar Finn Abrahamsen.

### MILJØVERNDEPARTEMENTET (MD)

MD tek sikte på å framstille sin landsverneplan som ei temasamling ut frå kva tilstand eigedommane er i. Innsamling av grunnlagsdata har vist seg å ta lengre tid enn venta. MD ser Riksantikvaren som sentral i utarbeidinga av sin landsverneplan, og har derfor ikkje etablert nokon prosjektorganisasjon til arbeidet sjølv. Det har ikkje vore progresjon i løpet av 2006. Eigedomsporføljen er avgrensa.

Kontaktperson i MD er seniorrådgivar Benedicte Boye.

### NÆRINGS- OG HANDELSDEPARTEMENTET (NHD)

Bygningsmassen knytt til gruvedrift er aktuell for vurdering i samband med ein landsverneplan. Dette vedrører Bergvesenet og dei statseigde selskapa som driv gruvedrift på Svalbard. Bergvesenet har starta arbeidet med å vurdere behovet for ein gjennomgang av heimfallseigedommane. NHD vurderer i den samanhengen å revidere ein gjennomgang av norsk gruvehistorie og bidra med eit større prosjekt som tek for seg meir enn berre heimfallsgruvene. Underdirektør Elisabeth Berger i NHD og bergmeister Per Zakken Brekke i Bergvesenet er kontaktpersonar.

Når det gjeld selskapa på Svalbard, Store Norske AS og Kings Bay AS, ligg desse under eigarskapsavdelinga i NHD. SKE har i samråd med Riksantikvaren komme fram til at det ikkje er behov for ein eigen verneplan for bygningsmassen knytt til desse selskapa, ettersom dei er i gang med ei eiga registrering. Sysselmannen har òg utarbeidd Kulturminneplan for Svalbard 2000 - 2010.

SKE kontakta likevel Sysselmannen og selskapa i 2005 og bad om å bli informert om arbeidet med kulturminne på Svalbard. For tida er det eit arbeid i gang med å klarere eigedomsansvaret mellom dei ulike departementa.

SKE er i samråd med Riksantikvaren og Sysselmannen oppteken av behovet for registrering av bygg som ikkje er automatisk freda på Svalbard, dvs. bygg som er yngre enn frå 1945.






1



2



3



- 1: Sørkjosen lufthavn. Foto: Line Bårdseng
- 2: Oslo Tinghus interiør. Foto: Marte Loen
- 3: Vakttårn H96 Svanhovd forskesgård. Foto: Håkon Skarstad
- 4: Høgskole Sør-Trøndelag Retorbygningen. Foto: Einar Engen
- 5: Austråttborgen. Foto: Einar Engen
- 6: Arendal fengsel detalj. Foto: Ivar Omdal



4



5



6



## **OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET (OED)**

Viktige felt under OED er verksemdene knytte til oljeutvinninga i Nordsjøen og kraftproduksjonen som fell innanfor NVEs ansvarsområde. Mykje av dette fell likevel utanfor SKE-prosjektet, som har eigedom med påståande bygningar som hovudfokus.

Uavhengig av SKE starta NVE-prosjektet KINK, Kulturminner i norsk kraftproduksjon. KINK tek føre seg både privat, kommunal og statleg kraftutbygging og planen blei lansert 5. april.

I tillegg har Oljemuseet i Stavanger i samarbeid med Riksantikvaren starta dokumentasjonsprosjekt som tek føre seg oljeutvinninga i Nordsjøen. Desse prosjekta blir gjennomførte uavhengig av SKE.

Starten på dette var "Kulturminne Ekofisk" som var eit dokumentasjonsprosjekt om Ekofisk-feltet. Dette har vore eit nybrottsarbeid innanfor dokumentering av teknisk-industrielle kulturminne i Noreg. Prosjektet aktualiserte spørsmålet om kva slags nasjonal visjon som skal liggje til grunn for ei heilskapleg vurdering av kulturminneverdiar innan petroleumssektoren. Dette har ført til prosjektet "Kulturminner i norsk petroleumsvirksomhet" som skal resultere i ein kulturminneplan for sektoren som presenterer eit utval av anlegg og installasjonar som har nasjonal verdi som kulturminne. Planen skal gi grunnlag for prioritering av anlegg i det vidare arbeidet med å dokumentere oljeverksemda for ettertida.

## **SAMFERDSELSDEPARTEMENTET (SD)**

SD var tidleg ute med å ta ansvar for kulturminnevern innan sin eigen sektor. Dei har laga landsverneplanar for Statens vegvesen, NSB-stasjonsbygningane og har utarbeidd ein ikkje vedteken plan for Telenor. I tillegg har Jernbaneverket utarbeidd ein landsverneplan som har vore på høyring.

SD varetek òg eigaransvaret i dei heileigde statsaksjeselskapa Posten Noreg AS og Avinor AS, og begge desse selskapa vedtok gjennom kontakt med SKE-prosjektet å utarbeide landsverneplanar for sine sektorar.

### **Landsverneplan for Avinor AS**

Avinor AS vedtok 1. november 2005 at dei skulle utarbeide ein landsverneplan. Forprosjektfasen er avslutta og dei er i gang med hovudprosjektet som skal vere avslutta i 2008. Hovudprosjektet vert leidd av Bernt Olsen-Hagen. Med seg i prosjektgruppa har han Elin Hansen og Nicolay Dons (alle frå Avinor). Det er òg sett ned ei referansegruppe som har jamlege møte der blant anna SKE er med. Ved utgangen av 2006 har prosjektgruppa ved Bernt Olsen-Hagen og Elin Anita Hansen besøkt 45 av de 46 lufthamnene som Avinor eig, og Røst som står att vil bli besøkt på nyåret. Det er teke bilete og utført annan dokumentasjon. Denne er i stor grad lagd inn i eigedomsregisteret. Arbeidet med dokumentasjon held fram, samtidig som dei kulturhistoriske vurderingane vil starte opp i 2007. I tillegg er historikar Olav Gynnild ved Norsk luftfartsmuseum i Bodø godt i gang med å skrive historikken.

### **Landsverneplan for Posten Noreg AS**

Posten Noreg AS vedtok 29. november 2005 at dei skulle utarbeide ein landsverneplan. Prosjektleder i Posten Noreg AS har vore Bjørn Brustad, og NIKU har assistert Posten Noreg AS i utarbeidinga av landsverneplanen. Som det første landsverneplanprosjektet under SKE lanserte Posten Noreg AS sin landsverneplan 19. desember 2006. Dei har vurdert alle eigedomar dei eig, det vil seie postterminalane. Det er relativt få eigedomar igjen i Posten sitt eige, og ingen av desse er funne fredingsverdige. Det vil seie at dei dermed ikkje blir behandla vidare av Riksantikvaren. Dette gjer at denne landsverneplanen ikkje er representativ for korleis andre landsverneplanar som er under arbeid vil bli. Posten har likevel valt å dokumentere dei mest interessante eigedommane som er postterminalane i Oslo, Hamar og Trondheim og la dei inngå i katalogen. Historikaren Finn Erhardt Johansen frå Universitetet i Oslo har skrive historiedelen i landsverneplanen.



Skådalen kompetansesenter, bygg 4. Foto: Magnus Torp

I tillegg til å gå gjennom bygningane dei eig, har Posten Noreg AS òg gått gjennom dei selde postgardane som blei oppførte i perioden 1893 til 1993. Av desse er det gjort eit utval på 17 postgardar som har fått historikk og utvikling beskrive av NIKU og som fortel ei viktig historie om Postens framvekst i Noreg. Ettersom desse ikkje lenger er i statens eige må Riksantikvaren vurdere om det eventuelt skal setjast i gang ordinære fredingsprosessar i etterkant av det dokumentasjonsarbeidet som er gjort no, i den mon dei aktuelle postgardane ikkje allereie er underlagde eit formelt vern.

I 2007 set Posten Noreg AS i gang eit arbeid med arkivmessig dokumentasjon av brevsentralen i Oslo i samarbeid med NIKU og Riksantikvaren.

#### Jernbaneverket

Jernbaneverket har invitert SKE til å delta i ei arbeidsgruppe som skal utarbeide ein landsverneplan for jernbanen sine stasjonar og stasjonsmiljø. Arbeidet skal forankrast i NSB AS, Jernbaneverket og fylkeskommunane. Målet er eit strategiprogram for den banevise forvaltninga av jernbanen sine stasjonar konkretisert i ei liste over bygningar, anlegg og miljø som det er tilrådd å frede/verne. Bakgrunnen er at NSB Eiendom AS og Jernbaneverket ønskjer å samarbeide vedrørende oppfølging av "Nasjonal verneplan for kulturminner i jernbanen".

Seniorkonsulent Gustav Rossnes frå Riksantikvaren er saksbehandlar for både Avinor og Posten Noreg AS. Kontaktperson i SD er seniorrådgivar Elin Marie Furu.

#### UTANRIKSDEPARTEMENTET (UD)

Statens eigedomar i utlandet inngår ikkje i SKE-prosjektet. Prosjektet oppfordrar likevel UD og Statsbygg til å syte for høg kvalitet i forvaltninga av staten sine eigedomar i utlandet, slik at ein tek vare på dei kulturhistoriske verdiane.

#### STORTINGET

Stortinget er ferdig med registreringa, men har i følgje dei opplysningar prosjektet har ikkje gått vidare i vurderinga av sin eigedomsmasse. Kontaktperson i Stortinget er overingeniør Terje Bergquist.

#### 04.2.3 FORVENTNINGAR TIL UTARBEIDINGA AV LANDSVERNEPLANAR

Den første landsverneplanen som blei ferdigstilt med assistanse frå SKE var Posten i slutten av 2006. Ein viser til nærmare omtale over.

SKE har grunn til å tru at både Bioforsk og Toll- og avgiftsdirektoratet vil gjere ferdig sine planar i 2007, og oversende desse til Riksantikvaren for vidare behandling fram mot formell freding. Det er òg sannsynleg at ytterlegare 2-3 landsverneplanar vil bli oversende Riksantikvaren mot slutten av året.

Planane med størst omfang - HOD, KD, JD og FAD - har komme i gang, men vil krevje noko meir tid å gjere ferdig. Dei fleste blir sannsynlegvis ferdigstilte i løpet av 2008, somme kan dryge til 2009.

#### 04.3. REGISTERET

Som omtalt i tidlegare årsrapportar har SKE fått utvikla eit web-basert eigedomsregister til bruk ved arbeidet med landsverneplanar. Registeret er konstruert for å kunne handtere større omfang av kulturminnerelaterte



Stord lærarhøgskule: Foto Ann-Kristin Strømmen



Norges veterinærhøgskole. Foto: Tom Wassum

data (beskrivingar, tilstandsvurderingar, bilete, vernevurderingar osv) enn vanlege forvaltningsdatabasar. Databasen er også bygd opp slik at utskrifter frå registeret kan gå rett inn som sider i katalogdelen av ein landsverneplan. Denne databasen er derfor først og fremst konstruert til bruk i arbeidet med framstilling av landsverneplanar, og skal leggjast ned når siste landsverneplan er produsert og alle data overførte til kulturminneregisteret Askeladden og til dei einskilde eigedomsforvaltaranes registre. Slik sørgjer ein for vidare bruk og utvikling av registerdataa.

#### 04.3.1 REGISTERUTVIKLING

I løpet av 2006 er det gjort både forbetringar av brukargrensesnittet for registeret og betydelege oppgraderingar av rapportfunksjonar. Desse justeringane har vore avhengige av tilstrekkeleg registerdata og arbeidet blei sett i gang så snart grunnlaget var til stades. SKE har gjennomført ein serie møte med Riksantikvaren, ulike aktørar som arbeider med produksjon av landsverneplanar og systemutviklarar for å sikre at rapportane og måtar dei blir genererte på er tilfredsstillende for alle paratar.

Dei første katalogsidene genererte frå SKEs register blei laga til verneplan for Universitetet for miljø- og biovitenskap på Ås (UMB). UMB har gått i gang med sitt planarbeid i forkant av Kunnskapsdepartementets samla verneplan. Arbeidet vil inngå som ein del i heilskapsplanen som ein no arbeider med.

#### 04.3.2 GJENNOMFØRING AV REGISTRERING

Datainnsamlinga er ikkje slutført. SKE ser eit betydeleg sprik frå departement til departement i tempoet grunnlagsdata for vernevurderingar blir skaffa fram og lasta inn. Somme prosjekt har slutført begge dokumentasjonsfasane som føresett, og er godt i gang med vurderingar og eventuelle spesifikke suppleringar, medan somme heller ikkje i løpet av 2006 har makta å bringe på det reine kva for eigedomar registreringa skal gjelde.

#### 04.3.3 OVERFØRING AV DATA FRÅ SKE ETTER AVSLUTTA LANDSVERNEPLANARBEID

SKEs register er som nemnt ovanfor ein mellombels arbeidsreiskap i produksjonen av landsverneplanar. Etter at ein landsverneplan er utarbeidd og godkjend skal innsamla data vidare til permanente register. SKE har sett i gang samarbeidet med Riksantikvaren og dei største statlege eigedomsforvaltarane for å kartlegge korleis data frå SKEs register lettast kan overførast vidare, slik at resultatata av arbeidet blir tilgjengelege i den vidare forvaltninga av eigedommane.

Alle eigarar/forvaltarar vil få tilbod om å få bearbeidde data om sine eigedomar tilbake etter at landsverneplanarbeidet er avslutta. Men overføring frå register til register krev at mottakarregisteret er tilpassa lagring av nye datafelt, som noverande forvaltarbasar ikkje nødvendigvis har frå før. Det er derfor svært viktig at nødvendige tilpassingar blir gjorde i tide slik at overføringane kan skje før SKE-registeret blir lagt ned. Prosjektet tek dette forholdet opp med dei aktuelle mottakarane av data frå registeret. Prosjektet har i samarbeid med Riksantikvaren komme godt i gang med førebuingar for dataoverføring til Riksantikvarens kulturminneregister Askeladden. Det blir planlagt testoverføringar i løpet av 2007.

Arbeidet med å definere kva for data som skal overførast til dei ulike mottakarane og hjelp til spesifisering av nødvendige justeringar i mottakande register vil vere eit av dei sentrale innsatsområda for SKE i 2007 og 2008.



#### **04.4 FORVALTNINGSSTRATEGI FOR STATENS KULTURHISTORISKE EIGEDOMAR**

I 2004 sette SKE i tråd med mandatet for 2003/2004 ned ei arbeidsgruppe som utarbeidde eit forslag til ein forvaltningsstrategi for statens kulturhistoriske eigedomar. Forslaget blei oversendt til departementet den 4. november 2004. Etter grundig behandling i departementet, deriblant to høyringsrundar til alle departement, blei forslaget i løpet av hausten 2006 behandla i statsråd. Kongeleg resolusjon om forvaltning av statens kulturhistoriske eigedomar trådte i kraft 1. oktober 2006.

Fornyings- og administrasjonsdepartementet har òg utarbeidd rettleiaren "Forvaltning av statens kulturhistoriske eigedomar. Overordna føresegnar gitt i kongelig resolusjon, med utfyllande rettleiing". Dokumenta finst på FAD og SKE si heimeside, men ein kan òg få dei i papirversjon ved å vende seg anten til departementet eller prosjektsekretariatet.

##### **04.4.1 FORVALTNING AV STATENS KULTURHISTORISKE EIGEDOMAR**

Bakgrunnen for arbeidet som er gjort og som har resultert i den kongeleg resolusjonen som trådte i kraft 1. oktober 2006, er at staten som eigar av eit stort tal kulturhistoriske eigedomar såg behov for å styrkje arbeidet med å ta vare på verdiane desse eigedommane representerer. Regjeringa slo fast i resolusjonen at det skal utarbeidast sektorvise landsverneplanar og forvaltningsplanar for desse eigedommane.

Staten er den største eigedomsinnehavaren i Noreg. Samla eig staten, statlege føretak og selskap over 10 mill. kvm bygningsmasse. I tillegg kjem eigedommane i forsvarssektoren. Staten eig ei rekkje viktige kulturhistoriske bygg. Desse bygningane er ein del av vår felles kulturarv. Det gjeld store monumentale bygningar og anlegg, men òg mindre prangande bygg som har vore viktige og som dokumenterer mangfald og breidde i statens verksemd. Den nye kongeleg resolusjonen skal medverke til at desse blir tekne betre hand om enn tidlegare.

I løpet av hausten 2006 har prosjektet prioritert informasjon og formidling av forvaltningsstrategien høgt. Den tilhøyrande rettleiaren frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet blei trykt i 2000 eksemplar og distribuert til aktuelle verksemder og aktørar over heile landet.

#### **04.5 FORSLAG TIL UTVAL AV STATLEGE KULTURHISTORISKE EIGEDOMAR**

I prosjektet sitt mandat for 2005/2006 får prosjektet i oppgåve å utarbeide forslag til eit utval av eigedomar som dokumenterer så viktige trekk i statens historie at dei bør eigast/forvaltast av staten. Denne relativt omfattande oppgåva er avhengig av at alle landsverneplanane er ferdigstilte. SKE-prosjektet har drøfta oppgåva i referansegruppa ved fleire høve. Konklusjonen så langt er at det ikkje er tenleg å setje i gang med å utarbeide ei slik liste før alle landsverneplanane er produserte. Referansegruppa er usikker på nytta av ei slik liste. Målet med SKE-prosjektet er god forvaltning av alle statens kulturhistoriske eigedomar. Ei liste kan bidra til at det oppstår ei uheldig gradering som kan svekkje den samla forvaltninga av dei kulturhistoriske eigedommane. Det er derfor føreslått at SKE i staden skal formulere eit sett av kriterium som bør stå sentralt i vurderingar kring statleg eigarskap til kulturhistoriske eigedomar. Vurderingar knytte til eigarskap er også omtalte i pkt. 1.3 i rettleiaren om forvaltning av statens kulturhistoriske eigedomar frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet.





1



2



3


- 1: Molde sjukehus, barnehage Lillekollen. Foto: Torleif Hjellset
- 2: Bygdø kongsård, gartnerbolig. Foto: Anne Sofie Galåen
- 3: UiO, Farmasibygget, gårdsrom. Foto: Gro Pedersen
- 4: Det militære sykehus Trondheim. Foto: Silje Wormnes Skulstad
- 5: UiO, Farmasibygget, gårdsrom. Foto: Gro Pedersen
- 6: Vakttårn H96 Svanhovd forsøksgård. Foto: Håkon Skarstad



4



5



6

## 04.6 TILRETTELEGGING VED AVSLUTNING AV PROSJEKTET

Tilrettelegging for overføring av data frå SKEs eigedomsdatabase er sett i gang.

Tilrettelegging for sjølve prosjektavslutninga er forskyvd grunna avgjerda om å forlengje prosjektperioden ut 2008.

## 04.7 FORMIDLING

### 04.7.1 BRUK OG UTVIKLING

Statsbygg tok på seg å arrangere årets seminar om bruk og utvikling. Seminaret "Verdiskaping + verdisetting" blei arrangert 10. mai. Tema som blei tekne opp var

- verdiskapingsprogram med føremål og verkemiddel
- pilotprosjekt og ulike typar verdiskaping
- kan kunst og kultur bidra til eit omstillingsdyktig næringsliv?
- kulturminne som grunnlag for verdiskaping
- kulturminne og verdiskaping sett frå Kultur- og kyrkjedepartementet
- nasjonale festningar som produkt
- verdiskaping og innovasjon
- måling av verdiskaping i kulturminne og kostnadsdekkjande husleige i eit verdiskapingsperspektiv

Det blei halde innlegg av Miljøverndepartementet, Riksantikvaren, Nærings- og handelsdepartementet, Fornyings- og administrasjonsdepartementet, Kultur- og kyrkjedepartementet, Forsvarsbygg, Agderforskning, Østlandsforskning og Statsbygg.

### 04.7.2 FORUM FOR LANDSVERNEPLANAR

SKE har arrangert to Forum for landsverneplanar i 2006, 1. februar og 12. oktober, begge i konferansesalen hos Riksantikvaren.

1. februar sto følgjande på dagsorden:

- rollefordeling
- status i arbeidet
- utfordringar i arbeidet med pågåande landsverneplanar
- erfaringar med ein ferdigstilt landsverneplan

Det blei halde innlegg av Fornyings- og administrasjonsdepartementet, Riksantikvaren, SKE, Helsedepartementet, Justisdepartementet og Statens Vegvesen. Det var i overkant av 50 deltakarar på forumet.

12. oktober var emna:

- status i arbeidet
- forvaltningsstrategi som kongeleg resolusjon
- kulturminnemeldinga 1 ? år etter
- frå landsverneplan til vernevedtak
- NIKUs erfaringar med SKEs eigedomsregister
- samisk kultur i landsverneplanssamanheng
- Forsvarsbyggs erfaringar med sluttproduktet (faldarar, hefte, landsverneplanrapportar).

I tillegg var det sett av tid til gruppearbeid, som utover å gi høve til faglege refleksjonar er veileigna til å skape nødvendige kontaktar og kjennskap mellom dei forskjellige prosjektgruppene. Det blei halde innlegg av Fornyings- og administrasjonsdepartementet, Riksantikvaren, SKE, Miljøverndepartementet, NIKU og Forsvarsbygg. Også denne gongen var det rundt 50 deltakarar på forumet.



1



2



3



4



5



6



7



8

- 1: Høgskolen i Agder, firergarasje. Foto: Lasse Kaas
- 2: UiB Undervisningsavd. Foto: Jostein Nyseth
- 3: UMB Cirkus. Foto og opphavsrett: Bjørn Anders Fredriksen
- 4: Høgskolen i Hedmark, Hamar. Foto: Erik Ruud
- 5: Høgskolen i Harstad Havnegt 9. Foto: Audun Eriksen
- 6: Helse Nordmøre og Romsdal Hybelleiligheter Stuevollen 3. Foto: Tor Hjelset
- 7: Høgskolen i Nesna. Foto: Trude Norddal
- 8: Bjørnøya meteorologisk hovedstasjon. Foto: Børge Hasen





1



2



3



4

- 1: UiB Tingvika, våningshus. Foto: Jostein Nyseth
- 2: Vardø politikammer. Foto: Inger Unstad
- 3: UiB Fysisk-matematisk institutt Instituttavd. Foto: Jostein Nyseth
- 4: UiB Veksthuset. Foto: Jostein Nyseth
- 5: Svalbardvei 211. Foto: Torbjørn Johnsen
- 6: Vardø politikammer. Foto: Inger Unstad



5



6

#### 04.7.3 NETTSIDA

SKE formidlar relevant informasjon gjennom sine nettsider. Desse vert oppdaterte jamleg. Sidene blir òg nytta som portal til prosjektet sitt eigedomsregister. Adressa er [www.statenskulturhistoriskeeiendommer.no](http://www.statenskulturhistoriskeeiendommer.no).

#### 04.7.4 JAMLEG FORMIDLINGSARBEID

Prosjektet driv eit jamleg formidlingsarbeid i kontakt med departementa, etatar og verksemder og landsverneplanprosjekta.

### 04.8 DIVERSE

#### 04.8.1 STUDIETUR TIL RUSSLAND

Referansegruppa i prosjektet har sett det som nyttig å sjå korleis arbeidet med statlege kulturminneeigedomar skjer i andre land. Russland blei sett som eit interessant studiemål både ut frå ønsket om å få betre kjennskap til korleis kulturminnevernet er organisert på dei ulike nivåa; statleg/regionalt/frivillige, og ut frå interessa for å vite korleis kulturminna blir tekne vare på ved den relativt raske privatiseringa som Russland har opplevd.

Reisa blei organisert av SKEs prosjektsekretariat, men med svært god hjelp frå den norske ambassaden i Moskva og det norske konsulatet i St. Petersburg. Deira innsats var avgjerande for det vellykka resultatet.

I alt 11 representantar frå FAD, FD, KD, KKD, MD, ABM-utvikling, Riksantikvaren og Statsbygg deltok. Det er utarbeidd ein eigen rapport frå studieturen.

#### 04.8.2 LAUSE KULTURMINNE

Prosjektet har teke opp problematikken knytt til lause kulturminne som har betydning for kulturminneverdien og verne vurderingar som skal gjerast av ein bygning. Det dreier seg om to hovudkategoriar:

- lause kulturminne i verneverdige bygg som fell innanfor kulturminnelovens §15.1 ("større løst inventar").
- lause kulturminne utan tilknytning til verneverdige bygg som dermed fell utanfor verkeområdet til kulturminneloven.

Lause kulturminne i verneverdige bygg er også omtalte i rettleiaren om forvaltningsstrategien. Det står at der landsverneplan eller freding dokumenterer verdifulle interiør, skal òg forvaltning av laust og fast inventar vere med i forvaltningsplanen.

Sjølv om det fell utanfor arbeidsområdet til SKE-prosjektet, har referansegruppa òg diskutert lause kulturminne utan tilknytning til bygg, og korleis omstillingar i staten fører med seg at denne typen kulturminne blir ulikt behandla. Ved ein del tilfelle er det innlysande at samlingar bør bli verande i staten sitt eige, f. eks Nasjonalgalleriet der kunstsamlinga framleis er eig av staten. For andre typar kulturminne har dette ikkje vore like innlysande. SKE-prosjektet er ikkje kjend med at det ligg føre ei dekkjande oversikt over kor mange gjenstandar og samlingar det er snakk om, men til dømes innan helsesektoren aleine finst det 66 ulike typar samlingar. Det er ei utfordring at det ikkje finst nokon einskaplege retningslinjer for behandling av lause kulturminne utan tilknytning til ein verneverdig bygning.

Problemstillinga er i utgangspunktet på sida av SKE- prosjektet sitt mandat, men temaet vil kunne dukke opp under arbeidet med landsverneplanane. Det SKE vil kunne bidra med er å minne om kor viktig det er å ivareta lause kulturminne der dette er aktuelt, jf omtale i rettleiaren til forvaltningsstrategien.

## 05 BUDSJETT OG ØKONOMI


### 05.1 BUDSJETTRAMMER

Løyvinga for verksemda til prosjektet i 2006 var 2,5 mill. kroner. I tillegg kunne prosjektet disponere 175 000 kroner overførte frå 2005. Prosjektet er finansiert av Fornyings- og administrasjonsdepartementet.

### 05.2 FORBRUK

TALA I OPPSETTET ER NOKO AVRUNDA.

|                              |           |
|------------------------------|-----------|
| Lokale, kontortenester, lønn | 1 575 000 |
| Utvikling av register        | 660 000   |
| Trykksaker og WEB            | 85 000    |
| Møter/bevertning             | 30 000    |
| Reiser                       | 210 000   |
| Diverse                      | 40 000    |
|                              | 2 600 000 |





## STATENS KULTURHISTORISKE EIGEDOMAR

Storgata 2 • c/o NIKU, Postboks 736, Sentrum, N-0105 Oslo • Telefon: 23 35 50 00 • Faks: 23 35 50 01

[www.statenskulturhistoriskeeiendommer.no](http://www.statenskulturhistoriskeeiendommer.no)